Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hornindal

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Nordstranda

Oppskr. av: Rasmus Navelsaker.

Gard: Navelsaker

(adresse): Hornindal

G.nr. 9 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter og andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Naumnet nisse eller dverg er kjent her i bygda. Bestemor Pernille Mattisdtr. Gausemel 1816-1898 gjætte som gjente i Hjortedalen. Ho høyrde nissen eller dvergen banke på smiestedet bort i elva Hjortedøla, det var under store steinar der. I elva fann dei fint kanta kiselsteinar, det var dvergsmisteinar.

Nissen som julenisse kom her med Jensens lesebok. Elles var det Kyrkjesongar Edvard Jensson Liljedal 1853-1914, frå Lavik i Sogn, og Friskule- og Folkehogskulestyrar Håkon Gunnarson Åsvejen 1862-1919, frå Åsen i Sør Trøndelag, som kom her med nissen; Liljedal 1887, Åsvejen same året. Han vart her berre 4 år, Liljedal til sin død. Dei tok til med juletre i skulane for borna. Då synte og nissen seg. Hos Liljedal delte han eple til borna, hos Åsvejen penskaft, linjalar m.m. Eg har endå ei lita penøskje av blikk til å bere i vestelommen. Den fekk eg på ein juletrefest hos nissen 1888.

2. Julenissen kjem med sakene sine i ein sekk på ryggen. Det vert stillt om juletreet, når han kjem inn døra og stavar seg fram. So jublar borna, somme flokkar seg om honom, dei fleste set seg rolege på benkjene og ventar på at han kjem til dei. Og borna får eple eller appelsiner, og nissen får takk, og gode ønskjer på vegen ut i snøen –, og syd att til appelsinlanda.

3. Å jau, det kan vere ein ovstor ein, eller ein liten, helst av dei i konfirmasjonsalderen – gut eller gjente, som er nisse. Det må vere, som det høver.

5965

4 Oftast har eg sett nissen i knebukse og kvite sokkar og låge sko.
Er det ikkje knebukse, so er buksa bonda opp med band i hose-
bandstad. Trøja kan vere kvit eller svart, men for ansiktet er
maske med svarte augebruner, raude kinner og kvitt, langt
skjegg. Ned over skallen raud topp-huve.

5 Maska kan vere heimelaga av tynnt skinn med pålima skjegg
og augebruner, og skitne kjakar. Men helst er ho kjøpt papir-
maske.

6 Julebukken og julegeita brukte ikkje maske. Dei heldt seg
ei tid føre jul opp på, i eller under hamrane ovanfor husa.
Dei kom nærmare for kvar dag jula nærma seg. Far hadde
kvar haust og vinter køyrt heim veddunge på snøføra,
dungen låg ut for skykkjedøra på tunet. Vi smågutane måt-
te vere flittige og hogge veden inn i skykkja, so han var
inn hoggen til juleafta. Vart veddungen liggjande ute med
jula, kom julebukken og julegeita og gøymde seg i dungen og
låg der og våla og skreik og uroa folket.

7 Julebukken delte aldri ut gåver. Det var jamt ein han kledd i
mannsklede, og ei ho i kvinneklede, med kola ansikt, so dei var
ukjennelege. So hadde dei skinntrøyer på, eller ein skinnfell
over seg; denne vart boren oppe med ei trekløft med horn
på, horn som stekelen var or.

8 So kom dei, julebukken og julegeita, for døra juleafta, fann ei
ølskål og skjever der, drakk og åt. Gjekk gjerne og inn i stova,
vilde ha meir heimebrygg, men måtte straks gå sin veg.
Dei snakka lite og ukjennelege, borna kom fram att or kror-
ne når dei var farne, dei var redde for dei. 29/3 51. H.

5965

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING